



## Norgescup avslutning på Sogn skisenter og i Leikangerfjella.

Syril og Luster Telemark inviterer til ein storslått finalehelg for norgescup'en i telemark. Fredag den 17 april blir det arrangert klassisk telemark-renn ved Sogn Skisenter på Hafslø i Luster, medan dei heile vert avslutta med eit fjelltelemark-renn på Kjeringi Open-dagen i Leikangerfjella med fellestart frå Kjeringi og ned til mål v/ veksling i Damefall. Gjennom heile vinteren har 10 aktive utøvarar frå 14-20 år frå dei to klubbane i Sogn vore med og konkurrert på dei ulike norgescup-renna. Og vi ynskjer mange fleire med på laget frå heile Sogn, der skileiken står høgsetet for aktiviteten. I april vil vi syna fram den indrefilet'en vi har her i Sogn om våren.

*Telemarksgjengen frå Syril og Luster Telemarkklubb ynskjer alle velkomen. Her frå toppen av Sogn Skisenter.*





## Program

Tid og stad

17/4 kl 17.00 Sogn Skisenter, Hafslø i Luster  
18/4 kl 13:14 Kjeringsfjellet, Leikanger

Påmelding:

15 april 2015 via MinIdrett.

Overnatting:

Leikanger Fjordhotell, sjå vedlegg

Felles middag med NC avslutning

Det arrangeres middag for alle løpere med familie/venner, laurdag kveld Leikanger Fjordhotell. Påmelding direkte til hotellet. NB ! Frist for påmelding 12 april

Startgebyr:

Klassisk fredag : kr 200,- alle klasser inkl heiskort  
Fjelltelemark laurdag : kr 300 alle klasser  
Lisens ved behov.  
Kontonr Klassisk : 37851184717  
Kontonr Fjelltelemark : 37810731029  
Merk betaling med navn på deltakar

Rennkontor

Klassisk fredag : Rennkontor nederst på Sogn skisenter.  
Fjelltelemark : Sognefjord Hotell Leikanger

Lagleiarmøte

Klassisk fredag : Kafe-bygning på Sogn skisenter.





Tidsplan	Klassisk fredag	Fjelltelemark laurdag
Rennkontor	Kl 15.00	08-09:30
Lagleiarmøte	Kl 15:30	
Besiktigelse (start vandring til Kjeringafjellet søndag)	Kl 16:00	Kl 09:00
Start	Kl 17:00	Kl 13:14
Premieutdeling i målområde( ca )	Kl 19:00	Kl 15:30
Informasjon for NC deltakere Kjeringi Open Leikanger Fjordhotell	Kl 21:00	
Felles middag NC avslutning Leikanger Fjordhotell		Kl 19:30

Kontaktpersonar

Klassisk fredag : Jan Sølve Haugen      Mob. 99547941 [jansolvehaugen@gmail.com](mailto:jansolvehaugen@gmail.com)  
Fjelltelemark laurdag : Egil J Vangsnes      Mob 97713857 [egiljv@hotmail.com](mailto:egiljv@hotmail.com)



**Spesial-tilbod for telemarkforbundet sine deltakarar på Leikanger Fjord Hotel**  
**Hotel**  
**Norgescup-avslutning 17-18. april 2015**



**Leikanger Fjord Hotel**

I samband med sesongavslutninga i Norgescup'en og Kjeringi Open 2015 har vi samarbeid med Hotellet lagt opp til å halde det av «telemarkfamilien». Hotellet ligg «vegg i vegg» med målområdet til Kjeringi Open som har 4 etappar (fjelltelemark (norgescup-løypa), langrenn, springing og sykling) – 5 etappen er årets første bad i fjorden frå kaien midt i bildet. ☺





Vi legg også opp til eigen bankett og premieutdeling laurdag kveld på hotellet. Den kjem vi attende til. I tillegg er det Kjeringi Open-fest på Sognefjord Hotell for dei over 18 år som ligg 3 km lenger inne langs fjorden.

I første omgang har vi i samråd med hotellet kome fram til prisar på overnatting og frukost

Dei ser slik ut

- **frå fredag-sundag**
- kr 450/- pr pers, pr døgn i dobbeltrom inkl. frokost.
- Born under 15 år på ekstraseng i rom med foreldre: kr 200/- pr døgn inkl frokost
- **Extra tilbud for ankomst på torsdag:** kr 350/- pr pers i dobbeltrom inkl frokost. (for torsdags natta)
- **3-sengsrom(fredag-sundag):** kr 395/- pr pers pr døgn inkl frokost. Extratilbud for ankomst torsdag kr 325/- pr pers (for torsdags natta)
- Tillegg for enkeltrom kr 250/- pr døgn.

Bestilling; epost; [post@leikanger-fjordhotel.no](mailto:post@leikanger-fjordhotel.no) og tel: +47 576 56 020

